F-1

Radøy kommune
Avd. byggesak
Radøyvegen 1690
5936 Manger

**Arkoconsult AS**
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen
Telefon: 56 39 00 03
Telefaks: 56 19 11 30
E-post: post@arkoconsult.no
www.arkoconsult.no

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Dato: |
|---|---|---|
| 18/387 | Lena Lekve | 07.06.2019 |

**SØKNAD OM MELLOMBELS BRUKSLØYVE FOR TILTAK PÅ GBNR. 77/86 I RADØY KOMMUNE.**

Det vert med dette søkt om mellombels bruksløyve for tiltak på gbnr. 77/86 i Radøy kommune, oppføring av tomannsbustad med parkeringsareal på tomt 4 i bustadfelt BF01. Tiltakshavar er Helland Eigedom & Invest AS.

Det vert vist til løyve om tiltak for oppføring av 2 mannsbustad og tilhøyrande parkeringsareal i sak 18/387, jf. rammeløyve av 25.04.2018 og IG-løyve av 28.09.2018.

Tiltaket er no ferdigstilt og ansvarleg søkjar har mottatt samsvarserklæring frå alle utførande og kontrollerande føretak, der det går fram at det ikkje står att arbeid til hinder for ferdigattest. Sjå vedlagt oppdatert gjennomføringsplan i vedlegg G-1.

Det vert søkt om mellombels bruksløyve, då det står att ferdigstilling av vegen i feltet. Rekkefølgjekrava er soleis ikkje oppfylt. Tiltakshavar ynskjer å avvente ferdigstilling av vegen med asfalt mm. grunna vidare utbygging i feltet. Ein ser det lite hensiktsmessig å legge asfalt på vegen for at dekket så vert øydelagt av framtidig anleggstrafikk ifm. utbygginga. Tiltakshavar ventar å ferdigstille bustadfeltet sommaren 2020, og det er difor sett dato for søknad om ferdigattest til 01.08.2020.

Tiltaket er plassert i tråd med situasjonsplan. Sjå vedlagt innmålingsdata i Q-1.

Ansvarleg røyrleggjar har sendt inn ferdigmelding for tilkobling til offentleg vatn og avluap. Sjå innmåling av utvendig stengekran og spillvasskum i vedlegg Q-2.

Leikeplass LP01 er opparbeidd med to leikeapparat samt bord og benk. Sjå vedlegg Q-3.

Ansvarleg søkjar har mottatt signert FDV-erklæring frå utbyggjar som bekreftar at tilstrekkeleg dokumentasjon som grunnlag for driftsfasen er overlevert byggverkets eigar.

Ta kontakt dersom det skulle vera behov for ytterlegare informasjon i høve saka.

Med venleg helsing/Best Regards


Lena Lekve

**Lena Lekve**
**Jurist, Byggesak**
Direkte: +47 56390003 | Mobil: +47 95963006
Fax: +47 56191130
Epost: lena@arkoconsult.no

**Arkoconsult AS**